



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	15.10.2025
Møtetid:	09:00 - -13:45
Møtestad:	Frekhaug - Kommunehus, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Kenneth Taule	medlem	SP	
Murberg			
Leif Johnsen	medlem	MDG	
Olav Myhr	medlem	KRF	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Ståle Juvik Hauge	LEDER	AP
Liv Hopland Van der Kooij	MEDL	SP
Wilfred Berthelsen	MEDL	VIP
Henning Fyllingsnes	MEDL	H
Tore Helland	MEDL	FRP
Yngve Walaker	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Anne Grete Eide	varamedlem	AP	

Leif Taule	varamedlem	SP
Irene Stendal Østerbø	varamedlem	VIP
Silje Ottesen	varamedlem	H
Stevnebø		
Oddvar Øvreås	varamedlem	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide	Møtesekretær
Siril Therese Sylta	Tenesteleiar
Kristin Nåmdal	Tenesteleiar
Eirik Sætre	Avdelingsleiar
Inge Andre Johannessen	Rådgjevar
Mikkel Bengtsson	
Mari Emilie Pettersen Hagenlund	
Martin Ramsland Stensaker	

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide
Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 99/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 100/25	Godkjenning av møteprotokoll APM 03.09.25	
PS 101/25	Delegerte vedtak APM 15.10.25	
PS 102/25	Referat saker	
RS 21/25	Detaljregulering for Snekkevika - Orientering om videre prosess	
PS 103/25	Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan for bruksendring av bygg - gbnr 137/760 Galteråsen 3	
PS 104/25	Klage på vedtak - 345/140 - Stekkevikvegen 31 - Etablering av flytebrygge	
PS 105/25	Klage på vedtak - 239/120 - Kaldalen 4 - Nytt bygg - ikke bustadformål under 70 m ²	
PS 106/25	Klage på vedtak - 336/68 - Ingen adresse finnes - Nytt bygg - ikke bustadformål under 70 m ² , Nytt anlegg - nytt anlegg/konstruksjon	
PS 107/25	Klage på vedtak - gbnr. 357/97 Sætre - naust, båttopptrekk og brygge	
PS 108/25	Søknad om dispensasjon frå rekkefølgekrav og rammeløyve - gbnr 445/188 Radøyvegen 1625C	
PS 109/25	Saksframlegg-høyring av strategi for forvaltning av hjortevilt	
PS 110/25	Landbrukssak-Høyring-forslag til endringar i jordlova og skogbrukslova	
PS 111/25	Detaljregulering for o_BOP3- del av områdeplan Knarvik, med robuste bustader - 1. gongs handsaming	
PS 112/25	Uttale til høyring av endring i plan- og bygningslova om forbod mot nedbygging av myr	

PS 113/25	Planprogram for arealbruk og mobilitet- høyringsvar frå Alver kommune
PS 114/25	Politisk møteplan 2026
PS 115/25	Alver i endring og omstilling - fase 2
PS 116/25	Tilsynsstrategi for Alver kommune 2026-2028

PS 99/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Ingen merknader til innkalling.

Sak PS 105/25 vert flytta opp til etter sak PS 102/25. Deretter følgjer oppsatt sakliste.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Innkalling og sakliste er godkjent med dei endringar.

PS 100/25 Godkjenning av møteprotokoll APM 03.09.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Godkjent.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Møteprotokoll frå APM 03.09.25 er godkjent.

PS 101/25 Delegerede vedtak APM 15.10.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak er samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Delegerede vedtak er teke til orientering.

PS 102/25 Referat saker

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Ingen merknader.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Referatsaker er teke til orientering.

PS 103/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan for bruksendring av bygg - gbnr 137/760 Galteråsen 3

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Framlegg frå Nina S. Øvreås-FRP, Silje Stevnebø-H, Oddvar Øvreås-FRP, Olav Myhr-KRF, Anne Grete Eide-AP:

Alver kommune gjer midlertidig dispensasjon for 5 år frå arealføremål i reguleringsplan for bruksendring av bygg - gbnr 137/760 Galteråsen 3

Tomten ligger helt i begynnelsen på et næringsareal og har en egen parkeringsplass og fortau til tomten.

Fordeler

Det settes krav til fortau og parkeringsplasser som er i samsvar med føresegn 2.6.5 i kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031

Tett befolket bustadområde.

Stor aktivitet i næringsparken som har mange arbeidsplasser.

Det vil ikke ødelegge for Knarvik regionsenter, men det vil styrke næringsparken og er i tråd med byveksttalen.

Framlegget fekk 5 røyster for og 5 røyster mot. Leiar i møtet (Namtvedt-SP) avgjer med si dobbelrøyst og framlegget fall med 5 røyster for og 6 røyster mot. (Olav S.Namtvedt, Leif Taule-SP, Kenneth Murberg-SP, Irene Østerbø-VIP, Leif Johnsen-MDG)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster for (leiar med dobbelrøyst) og 5 røyster mot. (Nina S Øvreås-FRP, Oddvar Øvreås-FRP, Silje Stevnebø-H, Olav Myhr-KRF, Anne G Eide-AP)

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Klagen, ifrå tiltakshavar på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan for bruksendring av bygg, datert 25.04.2025, vert ikkje teke til følgje. Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå arealføremålet næring, jf.

føresegn 2.1.1, for bruksendring av bygg på gbnr 137/760 frå lagerbygg til daglegvarehandel.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurdering.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. pbl § 12-4 (rettsverknad av reguleringsplan).»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 104/25 Klage på vedtak - 345/140 - Stekkevikvegen 31 - Etablering av flytebrygge

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Representant Leif Johnsen ber utvalet om ei habilitetsvurdering. Han har vore med som part i saka.

Utvalet samrøystes vedtek Leif Johnsen som inhabil i saka. Representanten trer ut av saka før handsaming.

Ingen vara tilstades.

Framlegg frå Leif Taule-SP:

Alver kommune godkjenner søknad om dispensasjon frå føresegn 3.1.7 bokstav c for oppføring av flytebrygge. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune godkjenner søknad om løyve til etablering av flytebrygge. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§§20-1, 20-2 og 11-6.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

Grunngjeving for vedtaket:

Tiltaket er i samsvar med arelføremålet, og det er god plass til fleire og større flytebryggjer innanfor føremålet.

Det vert her vist til at det i tidlegare Meland kommune, vart gjeve løyve til tiltak utan plankrav, med ei litt anna plassering, som ikkje vart gjennomført grunna naboprotestar. Den nye søknaden har ei langt betre plassering.

Tiltaket støttar opp om måla om å gjera kystområda meir tilgjengeleg, spesielt for barn, unge og personar med nedsett funksjonsevne.

Dette vil leggja meir til rette for auka fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og psykisk helsearbeid for personar med nedsett funksjonsevne.

Tiltaket har stor samfunnsverdi ved å tilby barn og unge i skular og idrettslag trygge rammer for trening, opplæring og aktivitet.

Tiltaket imøtekjem også eit ønskje om fleire båtplassar, areal for båtopptrekk og opnar strandsona for breiare allmenn bruk.

BUA er etablert på kaiområdet med m.a. eit stor moglegheit for utlån av kajakkar og området ligg i tilknytning til ro- og kajakkløyper, jf. fylkesplanen.

Tiltaket støttar opp om Vikebø som lokalsenter i Alver kommune.

Utvalet har vore på synfaring og kan ikkje sjå at omsyna til helskapleg planlegging i strandsona vert vesentleg tilsidesett i denne saka.

Vilkår for godkjenninga:

Tiltaket vert universelt utforma med tanke på tilgang til sjø.

Området vert ope for ålmenta.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Alver kommune godkjenner søknad om dispensasjon frå føresegn 3.1.7 bokstav c for oppføring av flytebryggje. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune godkjenner søknad om løyve til etablering av flytebryggje. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§§20-1, 20-2 og 11-6.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

Grunngjeving for vedtaket:

Tiltaket er i samsvar med arelføremålet, og det er god plass til fleire og større flytebryggjer innanfor føremålet.

Det vert her vist til at det i tidlegare Meland kommune, vart gjeve løyve til tiltak utan plankrav, med ei litt anna plassering, som ikkje vart gjennomført grunna naboprotestar. Den nye søknaden har ei langt betre plassering.

Tiltaket støttar opp om måla om å gjera kystområda meir tilgjengeleg, spesielt for barn, unge og personar med nedsett funksjonsevne.

Dette vil leggja meir til rette for auka fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og psykisk helsearbeid for personar med nedsett funksjonsevne.

Tiltaket har stor samfunnsverdi ved å tilby barn og unge i skular og idrettslag trygge rammer for trening, opplæring og aktivitet.

Tiltaket imøtekjem også eit ønskje om fleire båtplassar, areal for båtopptrekk og opnar strandsona for breiare allmenn bruk.

BUA er etablert på kaiområdet med m.a. eit stor moglegheit for utlån av kajakkar og området ligg i tilknyting til ro- og kajakkløyper, jf. fylkesplanen.

Tiltaket støttar opp om Vikebø som lokalsenter i Alver kommune.

Utvalet har vore på synfaring og kan ikkje sjå at omsyna til helskapleg planlegging i strandsona vert vesentleg tilsidesett i denne saka.

Vilkår for godkjenninga:

Tiltaket vert universelt utforma med tanke på tilgang til sjø.

Området vert ope for ålmenta.

PS 105/25 Klage på vedtak - 239/120 - Kaldalen 4 - Nytt bygg - ikke bustadformål under 70 m²

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Klagen i frå nabo, på innvilga løyve til oppføring av garasje, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Det vert gjeve dispensasjon frå regulert byggjegrænse mot veg og føresegn 3.3 vedkomande utnyttingsgrad for oppføring av garasje. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 jf. § 20-4 bokstav a vert det gjeve løyve til etablering av garasje på eigedom gbnr. 239/120. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.07.2024 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 106/25 Klage på vedtak - 336/68 - Ingen adresse finnes - Nytt bygg
- ikke bustadformål under 70 m², Nytt anlegg - nytt
anlegg/konstruksjon

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Klage i frå tiltakshavar, på avslag på dispensasjon datert 01.07.2025, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå arealføremål fritidsbustad, bruk og vern av sjø, byggjegrænse mot sjø og krav til utarbeiding av reguleringsplan for oppføring av naust, flytebrygge og slipp. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune avslår søknad om løyve til naust, kai, flytebrygge og slipp. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§20-1, 11-6.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33

PS 107/25 Klage på vedtak - gbnr. 357/97 Sætre - naust, båttopptrekk og brygge

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Klage i frå Statsforvaltar på administrativt vedtak 23/11423, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune gjev dispensasjon frå arealføremål og pbl. § 1-8 for oppføring av kai og slipp. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune gjev løyve til etablering av naust, kai og slipp på eigedom gbnr 357/97 . Løyve vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan i søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Vedtaket opphevar vedtak av 28.05.2025, då kommunen har valt å vurdera saka på nytt.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 108/25 Søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav og rammeløyve - gbnr 445/188 Radøyvegen 1625C

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Det vert gjeve dispensasjon frå rekkefølgjekrav i § 3 i reguleringsplanen for Manger Sentrum aust, bruksendring og ombygging av del av eksisterande bygg på gbnr 445/188 frå sjukeheim til barnehage slik det er søkt om.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2, jf. § 12-4 (rettsverknad av reguleringsplan) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Søknad om rammeløyve til bruksendring og ombygging etter plan- og bygningslova § 20-1 vert behandla administrativt i eige vedtak.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for klagevurdering.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9

PS 109/25 Saksframlegg-høyring av strategi for forvaltning av hjortevilt

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunen er positive til visjonen «Robuste bestandar i ei natur i endring» og meiner at dei fem satsingsområda som er peika ut – grenselaus forvaltning, arealbrukskonfliktar, vilthelse, framtidas jaktutøving og hjortevilt som næring – gir eit godt rammeverk for arbeidet framover.

Alver kommune meiner strategien er eit godt utgangspunkt, men at fleire av tiltaka framstår

generelle og lite forpliktande. Den planlagde revideringa av forskrift om forvaltning av hjortevilt blir vurdert som ein viktig føresetnad for å lukkast med fleire av satsingane i strategien, ved å forplikta myndigheiter og private aktørar på tvers av sektorar

PS 110/25 Landbrukssak-Høyring-forslag til endringar i jordlova og skogbrukslova

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Alver kommune støttar forslaga til endringar i jordlova og skogbrukslova, men understrekar behovet for ressursavklaring og tydelege rutinar knytt til kommunen si rolle i varsling og oppfølging. Det er ein føresetnad at gebyrmynde vert lagt til statlege organ.

PS 111/25 Detaljregulering for o_BOP3- del av områdeplan Knarvik, med robuste bustader - 1. gongs handsaming

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

o_BOP3, Del av områdeplan for Knarvik, med robuste bustader, bnr. 188/406 mfl. Plan-id 46312020002, vist på plankart sist datert 10.04.25 , med tilhøyrande føresegner datert 10.04.25.»

PS 112/25 Uttale til høyring av endring i plan- og bygningslova om forbod mot nedbygging av myr

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Alver kommune meiner at dette lovforslaget vil få konsekvensar for Alver kommune, men og for regionen Nordhordland med Austrheim kommune og næringslivet i Mongstad området, om konsekvensar av dette lovforslaget vert at eit forbod mot nedbygging av myr i industri- og næringsområde får verknad for reguleringsplanar vedtatt før forbodet trer i kraft.

Alver kommune meiner at godkjente regulerte område til industri og næring må vera unnateke for dette lovforslaget.

Alver kommune meiner at eit alternativt lovforslag er at godkjente regulerte industri- og næringsområde, men og uregulerte industri- og næringsområde i kommuneplan/kommunedelplan i Mongstad-området (som er eit nasjonalt viktig område for vår beredskap og petroleumsindustri) vert unnateke i dette lovforslaget. Dette må gjelde både i Austrheim og Alver kommune.

Alver kommune gjev høyringsuttale slik det går fram av vurderingane i saka.

PS 113/25 Planprogram for arealbruk og mobilitet- høyringsvar frå Alver kommune

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Framlegg frå Olav S Namdal-SP:

Tilleggsforslag:

Alver kommune føreset at planen ikkje gjev fylkeskommunen motsegnskompetanse. Det vil hindra ein sunn konkurranse mellom kommunane på områda planen tek opp. Dersom kommunane gjer vedtak som strir mot sentrale føringar eller retningslinjer vil statsforvaltaren ha motsegnskompetanse.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tilleggsforslag vart vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Alver kommune si høyringsuttale til planprogram for regional plan for arealbruk og mobilitet

er oppsummert under kommunedirektøren si tilråding i saksframlegget.

- Alver kommune føreset at planen ikkje gjev fylkeskommunen motsegnskompetanse. Det vil hindra ein sunn konkurranse mellom kommunane på områda planen tek opp. Dersom kommunane gjer vedtak som strir mot sentrale føringar eller retningslinjer vil statsforvaltaren ha motsegnskompetanse.

PS 114/25 Politisk møteplan 2026

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Politisk møteplan for 2026 vert vedteke som den ligg føre til saka.

PS 115/25 Alver i endring og omstilling - fase 2

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Saka leggst fram til drøfting og vidare prosess fram mot kommunestyremøte 23. oktober

PS 116/25 Tilsynsstrategi for Alver kommune 2026-2028

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Framlegg frå Olav S. Namtvedt-SP:

Tilleggsforslag:

Prioritet 1, første punkt:

Saker som omhandler helse, miljø og tryggleik skal prioriterast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektør sitt framlegg til vedtak med tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.10.2025:

Alver kommunestyre vedtar tilsynsstrategien for 2026-2028.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 25-1, jf. byggesaksforskriften § 15-1.

- *Prioritet 1, første punkt:*
Saker som omhandler helse, miljø og tryggleik skal prioriterast.

